



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 10.11.2016
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Forfall , vara innkalla

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Varamedlem	Møtte kl 10.00 frå og med sak 056/16

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	Deltok under sak 055 og 056
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Frå kl 09.00 - til kl 10.00 var det 12 medlemar tilstades og sak 052 -055 vart handsama.

Ungdomsrådet var invitert til møtet for å presentere seg og sitt arbeid.

Følgjande var til stades: Oda Mo Eikefet (leiar), Hilde Brørvik, Kaja Mo Eikefet, Håvar Lundekvam, Johanne Midtun, Julie Brekkhus, Jakob Farestveit.

Etter at medlemane hadde presentert seg, fortalte leiar Oda Mo Eikefet om kva ungdomsrådet ønskte å setje sin fokus på.

- Gjennom politikk fremma ungdomsperspektivet i ulike saker
- Skapa betre felleskap mellom, og møteplassar for ungdomane. Har siste år gjennomført 2 arrangement - filmkveld og grilling
- Ungdomsrådet ønskjer derfor eit samarbeid med kommunestyret om ulike saker

Ungdomsrådet er oppteken av korleis det skal vere i Modalen i åra framover og peika på 3 viktige område dei ville engasjere seg i.

- Miljø - tilrettelegging for el.bilar, kommunen skal vere eit miljøfyrtårn, nye bygg må ha miljømessige kvalitetar
- Skulehelsetenesta må styrkjast også innan psykisk helse
- Fritidstilbod for ungdomar - ha ein plass å vere for ungdomane

Ordførar vart til sist utfordra om: Kva kan gjerast for å setja ungdomane sine interesser i fokus? Ordførar og kommunestyret vil leggje til rette for dialog med ungdomsrådet . I år vil budsjett/økonomiplan verte oversendt ungdomsrådet til uttale.

Sakliste

Saknr	Tittel
052/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
053/2016	Godkjenning av møtebok
054/2016	Referatsaker
055/2016	Orienteringssaker
055/2016.1	Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring
056/2016	Tertialrapport nr 2 - 2016
057/2016	Avtale om drift og vedlikehold av Nygardsvegen II, Modalen kommune
058/2016	Avtale om samhandling i høve pandemiske hendinger - prolongering av avtale
059/2016	Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde
060/2016	Plan for forvaltningervisjon Modalen kommune 2016 -2019
061/2016	Plan for selskapskontroll 2016 -2019 - Modalen kommune
062/2016	Val av Forliksråd for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020
063/2016	Revisjon av vedtekter for næringsfond og strategisk næringsplan - Modalen kommune.
064/2016	Modalen nærings - og tenestesenter
065/2016	Brøyting til eldre og funksjonshemma

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/250

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
052/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 052/2016

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/250

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
053/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 053/2016

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 22.09.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/250

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
054/2016.1	Bergensalliansen ønsker et brannsamarbeid
054/2016.2	Modalen kontrollutval - møteprotokoll og særutskrift frå møtet 29. september 2016
054/2016.3	Modalen ungdomsråd referat 25 september 2016
054/2016.4	Oversendelse av NVEs vedtak - Kvernhusfossen kraftverk. NVEs referanse: 201307610-29
054/2016.5	Protokoll Regionråd 6-2016, fredag 2. september 2016
054/2016.6	Protokoll Regionråd 7-2016, fredag 30. september 2016
054/2016.7	Fylkesmannens faglege tilråding om ny kommunestruktur i Hordaland
054/2016.8	Fordeling skjønnskudd 2016

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 054/2016

KS - behandling:

Ordførar orienterte om dei ulike referatsakene.

Samrøystes

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Bergensalliansen ønsker et brannsamarbeid

Modalen kontrollutval - møteprotokoll og særutskrift frå møtet 29

Modalen ungdomsråd referat 25 september

201307610-29Oversendelse av NVEs vedtak - Kvernhusfossen kraftverk

Protokoll Regionråd 6-2016, fredag 2. september 2016

Protokoll Regionråd 7-2016, fredag 30. september 2016

Fylkesmannens faglege tilråding om ny kommunestruktur i Hordaland

Fordeling skjønnskudd 2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/250

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
055/2016.1	Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring
055/2016.2	Notat - Vurderingar budsjett og økonomiplan for 2017-2020
055/2016.3	Budsjettdrøftingar 2016 i Formannskapet

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 055/2016

KS - behandling:

Høyring:

Ordførar orienterte om høyring av "Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen" og las opp Granvin kommune sin uttale til saka. Det vart drøfta om Modalen skulle uttale seg til saka.

Budsjett /Økonomiplan

Økonomisjef og rådmann orienterte om utsendt notat og alternativ til saldering av budsjett.

Vegutbetring - Nordhordlandspakka

Kjetil Eikefet stilte spørsmål til ordførar om kva som vart gjort for å kome med innspel frå Modalen

kommune.

Ordfører opplyste at det i veke 46 var avtalt synfaring med Statens vegvesen (STV) for å identifisere moglege tiltak på strekninga Romarheim - Mo. Modalen Eksingedalen Billag er også kontakta. Kommunestyret slutta seg til at det særleg vart fokusert på trafikksikringstiltak for strekninga Romarheim - Slottet. Ordfører vil følgje opp saka i høve STV.

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtok å sende likelydande uttale, som Granvin kommune, til høyringa av "Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen". Sjå 005/2016-1

Sakene vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring
Protokoll frå FOR-møte om budsjettdrøftingar 2016
Notat - Vurderingar budsjett og økonomiplan for 2017-2020

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 002	16/280

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2016.1	Kommunestyret	OR	10.11.2016

Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring

Forslag til vedtak:

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 055/2016.1

KS - behandling:

Ordførar orienterte om høyring av "Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen" og las opp Granvin kommune sin uttale til saka. Det vart drøfta om Modalen skulle uttale seg til saka.

Kommunestyret vedtok å sende likelydande uttale, som Granvin kommune, til høyringa av "Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen".

Samrøystes

KS - vedtak:

Modalen kommune støttar etableringa av ein vestlandsregion beståande av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn- og fjordane under føresetnad av at staten overfører ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver til denne, samt at den får behalda dei viktigaste oppgåvene fylkeskommunane har i dag.

Modalen kommune meiner det er viktig at ein vestlandsregion nyttar nynorsk som administrasjonsspråk.

Vedlegg:

VS Vestlandsregion - høyring

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 240	16/118

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/2016	Formannskapet	PS	18.10.2016
056/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Tertialrapport nr 2 - 2016

Forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at tertialrapport nr 2 vert teken til orientering, med slike justeringar:

Budsjettramma til rammeområdet Teknisk etat vert auka med kr 50 000 med overføring frå Formannskapet sin løyving på kr 50 000 på lista «småinvesteringar

Løyving til investeringsprosjekt Kommunale bustader, rehabilitering vert redusert med kr 150 000.
Løyving til rammeområdet Teknisk i driftsbudsjettet vert auka med kr 150 000.

Rammeområdet for kultur vert auka med kr 150 000 finansiert med auka eigedomsskatt.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Tertialrapport nr 2 er den andre rapporten frå rådmannen til kommunestyret om økonomistoda i 2016. Minimum 2 gonger i året skal det fremjast eigne saker til kommunestyret om kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

Vurdering

Drift:

I budsjett- og økonomiplanprosessen var det m.a. eit fokus på utfordringar knytt til lågare inntekt frå kraftproduksjon. Økonomien strammar seg til, og ein kan vente svakare driftsresultat i åra framover. I 2015 fekk kommunen eit godt driftsresultat til tross for redusert kraftinntekt. Det kan ventast eit godt resultat for 2016 òg. Budsjettdisiplinen er god, og ein klarar å halde utgiftsveksten på eit moderat nivå, samtidig som inntektsutviklinga ikkje vert fullt så dårleg som venta, mellom anna grunna oppjustert eigedomsskatteinntekt.

Økonomisk oversikt drift pr 31.08.16:

	31.aug	Heilår	Heilår	31.aug
	Reknesk	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Reknesk
Driftsinntekt	2016	2016	2016	2015
Brukerbetalingar	1 381 780	2 095 900	2 095 900	1 409 682
Andre salgs- og leieinntekter	2 470 056	4 362 700	4 362 700	2 696 609
Overføringer med krav til motytelse	7 912 721	10 197 000	10 197 000	7 577 000
Rammetilskudd	8 945 252	16 794 000	16 794 000	7 716 285
Andre statlige overføringer	100 000	1 470 500	1 470 500	0
Andre overføringer	11 150	398 300	398 300	8 450
Skatt på inntekt og formue	21 575 873	8 800 000	8 800 000	20 991 107
Eiendomsskatt	21 012 751	20 964 131	20 964 131	22 823 095
Andre direkte og indirekte skatter	0	20 739 000	20 739 000	0
Sum driftsinntekter	63 409 584	85 821 531	85 821 531	63 222 228
Driftsutgift				
Lønnsutgifter	27 246 221	42 763 483	42 763 483	26 536 220
Sosiale utgifter	7 892 304	11 823 468	11 823 468	7 885 857
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	10 441 050	15 957 900	15 957 900	10 787 236
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	1 607 048	4 260 200	4 260 200	2 134 549
Overføringer	6 023 325	6 872 400	6 872 400	4 533 319
Avskrivningar	0	6 884 800	6 884 800	0
Fordelte utgifter	-3 000	-600	-600	0
Sum driftsutgifter	53 206 948	88 561 651	88 561 651	51 877 181
Brutto driftsresultat	10 202 636	-2 740 120	-2 740 120	11 345 047

Økonomisk oversikt drift syner utgift og inntekt for heile kommunen, utan å splitte på ulike avdelingar, ansvarsområde eller tenesteområde. Rapporten syner såleis korleis rekneskapen er for kommunen samla på rapporteringstidspunktet for den aktuelle perioden: januar - august. Rapporten høver godt til å gje eit samla oversyn, samt situasjonen for dei aktuelle gruppene av inntekt og utgift.

Brutto driftsresultat pr 31.8 er noko lågare enn på same tidspunkt i fjor, men det meste av forverringa kan tilskrivas utbetaling av stort næringsfondstilskot i 2016 som vert finansiert med bruk av næringsfondet, og er såleis ikkje eit uttrykk for at den ordinære drifta samla er dyrare.

Driftsinntekta er svakt høgare enn same tidspunkt i 2015. Me ser at eigedomsskatten er redusert i høve til tilsvarende tidspunkt i 2015, det er som venta. For året samla vil me få ein meirinntekt frå

eigedomsskatt på rundt kr 700 000 grunna korrigerings av e-skatt for BKK. Formuesgrunnlaget er korrigert frå Skatteetaten.

Samla skatt og rammetilskot er i samband med vurderingar knytt til statsbudsjettet venta å bli kr 41,3 mill, noko som er kr 0,2 millionar høgare enn budsjettet.

Andre inntekstpostar som refusjonsinntekt (Overføring med krav til motytelse), vil ofte ha ei forseinking i høve til utsending av krav og i høve til løpande inntektsføring. Såleis kan ein legge til grunn at inntektsbudsjettet er under kontroll, men vil verte fulgt vidare opp.

Samla driftsutgift kr 53,2 millionar utgjer 60 % av budsjettet. Samla driftsutgift på same tidspunkt i 2015 utgjorde 59,1 % av rekneskapsført driftsutgift for heile året. Det er utbetalt eit næringsfondstilskot på kr 1,6 millionar til Modalen næringsbygg AS i fyrste tertial, dette er med på å trekke denne prosenten opp i høve til 2015.

Lønsutgifta har auka med kr 710 000 i høve til same tidspunkt i 2015, det tilsvarar om lag 2,7 % auke i høve til 2015. Lønsforbruk i høve til årsbudsjettet er 63,7 % og må såleis seiast å vere under god kontroll.

Den samla økonomistoda synast tilfredsstillande, når ein vurderer i høve til budsjettet og når ein vurderer i høve til same tidspunkt i fjor.

Netto forbruk pr rammeområde 2. tertial:

	31.aug			31.aug	
	Regnskap	Buds(end)	%-forbruk	Regnskap	%-forbruk
	2016	2016	2016	2015	2015
RÅDMANNEN/SENTRALADM.	12 883 807	13 780 300	93,5 %	9 287 307	70,7 %
KULTUR	2 309 037	3 076 100	75,1 %	2 183 601	68,4 %
SOSIAL OG BARNEVERN	805 270	827 700	97,3 %	408 221	62,5 %
SKULE	6 579 457	10 848 064	60,7 %	6 941 097	68,3 %
BARNEHAGE	3 063 532	4 942 195	62,0 %	3 052 380	71,2 %
PLEIE OG OMSORG	8 695 248	14 298 800	60,8 %	8 336 027	66,7 %
KOMMUNELEGE	2 635 298	4 435 000	59,4 %	3 044 280	69,1 %
TEKNISK	7 556 138	12 090 692	62,5 %	7 497 240	63,9 %
SENTRALE POSTAR	-52 530 216	-64 298 851	81,7 %	-52 687 127	87,7 %
TOTALT	-8 002 429	0	-	-11 936 974	-

Forbruk:

Forbruk for eit rammeområde vil ligge omkring 65 %, **dersom** ein har jamn fordeling på inntekt og utgift gjennom året. Dersom utgifta aukar utover året, t.d. på grunn av lønsvekst, bør forbruket etter dei 4 fyrste månadane ligga noko under 65 %. Dersom inntekt kjem på etterskot i høve utgift, vil normalt forbruk ligge over 65 %. Dette vil vera typisk for refusjonsinntekt og liknande. Det er normalt med ulik fordeling på inntekt og utgift i løpet av året. Det er føremålstenleg å samanlikna med situasjonen året før. I vurderinga ser ein då korleis forbruket er i høve til same tidspunkt i fjor, og kan vurdere i høve til samla resultatet for fjoråret. Ein må sjølvstilt justere i størst mogleg grad for kjente endringar.

Oversynet viser at 5 av dei 8 rammeområda (utanom sentrale postar) har lågare prosentvis forbruk enn tilsvarende tidspunkt i fjor, og 3 rammeområda har høgare prosentvis forbruk.

Rådmannen/sentraladministrasjon har ofte høgt prosentmessig forbruk tidleg på året. Her ligg det ein del utgifter der heile utgifta, eller delar av den, vert betalt tidleg på året, samt ein del inntektspostar der større del kjem seinare på året. Utgift som skal finansierast av Næringsfondet er òg ført på dette området, men fondsbruken (inntekt) er ikkje ført enno og fører såleis til ei høg nettoutgift på rapporteringstidspunktet. Det er utbetalt lån og tilskot til Modalen næringsbygg AS med samla kr 3,3 mill. Dette er med på å trekke forbruket mykje opp, men vil ikkje påverke resultatet for budsjettområdet, då dette vert finansiert ved bruk av fond.

Tiltak til flyktningeprosjektet vert ført på dette området. Ein kjem tilbake med gjennomgang/oversyn knytt til dette seinare.

Samla legg ein til grunn at rammeområdet vil kunne styrast i balanse ved årsslutt.

Kultur var nytt rammeområde frå og med 2014. Kultur omfattar kulturområdet, bibliotek og Bryggjeslottet sine aktivitetar. Ny kultursjef er tilsett og tiltrådte i september. Forbruket til no er relativt høgt. Dette kjem særleg av ekstraordinære kostnader til ventilasjon og bowlinganlegg på Bryggjeslottet.

Ein legg til grunn at rammeområdet kan styrast i balanse ved årsslutt ved tilføring av kr 150 000 til dekning av ekstraordinære kostnader.

Sosial og barnevern har samla høgt forbruk til no.

Innan sosialbidrag er det ein stor auke i høve til 2015, og relativt høgt forbruk til no i høve til budsjettet. Inntekt er førebels låg i høve til budsjett, men meir vil komme på slutten av året.

Førebels tek ein sikte på at rammeområdet vil kunne styrast i balanse ved årsslutt.

Skule omfattar grunnskule, skulefritidsordning, vaksenopplæring, pedagogisk-psykologisk teneste (kjøpt frå Vaksdal) og kulturskulen.

Budsjettområdet har eit relativt lågt nettoforbruk, lågare enn tilsvarande tidspunkt i fjor, og utviklinga har vore positiv utover året. Utgiftsnivå er under kontroll og inntektsnivå er med på å gje lågt prosentvis forbruk. Ved sjukefråvær har ein funne løysingar som medfører redusert vikarbruk eller bruk av vikarar med lågare løn, noko som gjev refusjon som er høgare enn ekstrautgift. Tilsette i permisjon, eller som har slutta, vert heller ikkje erstatta fullt ut. Det er høgare refusjon frå nabokommunar enn budsjettert, då det har komme til elevar etter at budsjettet vart lagt.

Samla legg ein til grunn at rammeområdet vil kunne styrast i balanse ved årsslutt. Ein vil komme tilbake til behov for å tilføre midlar knytt til ny stilling i vaksenopplæringa i samband med mottak av flyktningar. Ser dette i samanheng med det som er nemnt under Rådmannen/sentraladm om oversyn/gjennomgang av flyktningeområdet.

Barnehage har eit prosentvis forbruk på 62,0 %. Forbruket ser såleis bra ut, både i høve til lønsutgift og andre utgifter. Drifta er under kontroll. På utgiftssida er ein i rute i høve til kva ein har budsjettert og planlagt. På inntektssida ligg ein noko over budsjett. Har teke inn born frå Vaksdal som bidrar til auka inntekt utover budsjett.

Samla legg ein til grunn at rammeområdet vil kunne få balanse eller mindreforbruk i høve til budsjettet.

Pleie og omsorg har lågt forbruk til no. Det er spesielt inntektene som gjer at nettoforbruket er lågt.

Inntektsnivået pr utgangen av august er høgt grunna meir refusjon frå Vaksdal enn det som opprinneleg var budsjettert. Utgiftsnivået er høgare enn på tilsvarande tidspunkt 2015. Det vil vere eit fokus på reduksjon av vikarbruk ved sjukefråvær, samt fokus på endring av arbeidsoppgåver og arbeidsfordeling tilpassa endring av drift med redusert tal på brukarar.

Det er ein auke i heimetenesta i kommunen med heimhjelp og etterspurnad etter tryggleiksalarm.

2 pasientar frå Vaksdal har flytta til Modalen pr 1.7. Her vil ein få inntekt frå eigenbetaling som ikkje er teke høgde for i budsjettet samt auka refusjon/overføring frå Vaksdal (innbyggartilskot).

Det vert teke sikte på at rammeområdet vil kunne styrast i balanse ved årsslutt.

Kommunelege har relativt lågt forbruk og vil kunne styre mot balanse. Har noko redusert lønsutgift på helsestasjon og psykisk helse, men vil få noko meirutgift på legevikar. Ein del inntekt som skal kompensere for delar av utgifta kjem seint på året.

Samla legg ein til grunn at rammeområdet vil kunne styrast i balanse ved årsslutt.

Teknisk har lågt forbruk i høve til budsjett til no, og noko lågare enn same tidspunkt i fjor.

Innan reinhald har ein auka utgift til sjukevikarar, men refusjonar dekker opp, og netto forbruk er relativt lågt.

Innan brann har ein auka utgift, men til opplæring og innkjøp av utstyr, men moderat forbruk på andre postar gjev relativt lågt nettoforbruk på området.

Samla sett har rammeområdet god økonomisk kontroll.

Samla legg ein til grunn at rammeområdet vil kunne styrast i balanse ved årsslutt.

Status småinvesteringar i drift:

	2016	
Pleie og omsorg	Budsjett	Kommentar:
Skilt Modalstunet	50 000	Pågå
Modalstunet - konsulenthjelp mulighetsstudie	50 000	Gj.ført. Finansiert med eksterne midlar.
Teknisk		
Utvendig maling kommunale bygg	200 000	Ferdig. Fire omsorsbustadar på Mo
Poleringsmaskin til Modalstunet, reinhald	35 000	Innkjøpt
Nytt prøvetakingsutstyr for kloakkrensaneanlegg	50 000	Innkjøpt
Områdeplan arealdel, oppstart - konsulenthjelp	150 000	Utsett områdeplan. Men moglegheitsstudie har oppstart haust 2016. Midlane
		vert brukt der
Rådmannen		.
Til rådvælde for Formannskapet	50 000	Disponert.
Omlægging fiberleidningar Mo	100 000	Pågå.
Overordna ROS-analyse - konsulenthjelp	50 000	Gjennomført
Sum	735 000	

Investeringar:

Sjå oversynet under med kort kommentar over påløpt utgift og budsjettløyving for investeringsprosjekta i 2016.

Regnskap	Buds(end)	
2016	2016	Kommentar:

1021	Kalkingsstasjon	1 551 333	3 100 000	Ferdig	Finansierast med midlar frå F-mannen.
3000	LEIDNINGSNETT/VASSFORSYNING	21 185	250 000	Pågår.	Pumpestasjon , bytte kum på Otterstad m.m
3004	ASFALTERING	472 594	550 000	Ferdig	
3018	Samf.hus Øvre Helland	336 125	450 000	Ferdig	
3071	KOMMUNALE BUSTADAR, REHABILITERING	149 094	300 000	Pågår	
3074	OPPGRADERING HELSEENTERET	299	0		
3078	UV-filter ØH og opprusting lokale for vassverk	688 258	1 100 000	Ferdig.	Sluttoppgjør pågår.
3079	Brannbil	1 468 446	1 600 000	Ferdig	
3084	OPPRUSTING UTEOMRÅDE VED BRYGGJESLOTTET	690 155	550 000	Ferdig	
3086	Kommunalt uteområde	0	300 000	Pågår	
3087	Maskiner/utstyr Modalstunet	0	150 000	Pågår.	Gjeld vaskemaskin og inventar/utstyr på skyljerom
3088	Takheisar bebuarrom Modalstunet	142 760	140 000	Ferdig.	
3089	Oppgradering hovudsikringsskap Modalstunet	236 750	280 000	Ferdig,	sluttoppgjør pågår.
3090	Ny rampe og busskur Mo skule	431 677	600 000	Ferdig .	Tilleggsøyving kr 100 000. HS-sak 022/2016
3091	Ventilasjonsanlegg bustadar Mo	123 750	150 000	Ferdig	
	Kjøp av areal rundt kunstgrasbana		55 000	Jfr tertialrapport nr 1	
	SUM	6 312 425	9 325 000		

Opprusting uteområde ved Bryggelottet

Ein kjem tilbake til dette prosjektet seinare i 2016 knytt til samla rekneskap og løyving. Kompensasjonsmidlane er i utgangspunktet avkorta noko, men dette er teke opp igjen med fylkeskommunen.

Finans:

<u>Likviditet:</u>				
Bankinnskot:	Rente:	Balanskonto:	31.08.2016	31.12.15
Gjerstad sparebank	1,50 %	21020012	192 498	1 924 798
Stadsbygd sparebank	1,10 %	21020013	1 803 689	1 803 689
Soknedal sparebank	1,55 %	21020014	2 192 364	2 192 364
Modum sparebank	1,40 %	21020015	1 939 769	1 939 769
Arendal og omegns sparekasse	1,35 %	21020016	2 386 370	2 386 370
Kragerø sparebank	1,55 %	21020017	1 940 299	1 940 299
DnB	0,10 %	21020011	496 120	459 094
Sp 1 SMN	0,90 %	21020009	1 804 322	1 804 322
Sp Vest (fleire konti)	1,00 %	21020001-0009	2 442 193	8 627 544
Kasse		21000001	27 553	8 195
Skattetrekkkonto		21090801	2 199 333	1 874 874
Legatkonto		21020006	303 020	303 020
Sum kasse, bankinnskot			17 727 530	25 264 338
	Avkastning:			
Pengemarknadsfond:	(hittil i år)			
Pluss likviditet	2,11 %		3 088 781	3 024 818
Pluss pengemarked	1,43 %		1 539 606	1 517 864
		Totalt	22 355 917	29 807 020

Kommentar:

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha inneståande i

ein bank til kr 15 millionar.

Likviditeten er god.

Rentevilkåra er for tida svært låge, grunna lågt generelt rentenivå.

Ein ventar framleis lågt rentenivå framover.

Finansreglementet set ei grense for kr 5 millionar i høve til investering i eit pengemarknadsfond.

<u>Gjeld:</u>				
			31.08.2016	31.12.2015
Kommunalbanken			18 006 450	18 435 170
Fastrente 12.10.16			3,55 %	3,55 %
Kommunalbanken			1 737 640	1 782 190
Flytande lånerente siste endring			1,65 %	1,65 %
Husbanken - formidlingslån			3 372 258	3 592 148
Lånerente siste endring			1,58 %	1,99 %
Husbanken - oppføringslån			120 000	160 000
Lånerente siste endring			1,58 %	1,99 %
3 M Nibor :			1,07 %	1,13 %

Kommentar:

Det er ikkje teke opp nye formidlingslån i Husbanken, eller andre lån i 2016.

Gjelda til Modalen kommune er ikkje høg i høve til kommunen sin evne til å betale renter og avdrag

Ein ventar lågt rentenivå framover.

Modalen kommune betalar avdrag godt over minimumskrava som Kommunelova set.

Det er ingen avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

Langsiktige finansielle aktiva:

Kommunen har ingen midlar pr dato som er definert som langsiktige finansielle aktiva.

Fråvær pr 31.8

	Moglege dagsverk	Fråvær	Prosent 31.08.2016	Prosent 30.04.2016	Prosent 31.08.2015
RÅDMANNEN	1 624	70,3	4,3 %	4,70 %	9,3 %
REKTOR MO SKULE	2 979	251,5	8,4 %	11,10 %	6,9 %
BARNEHAGESTYRAR	1 399	59,6	4,3 %	8,80 %	10,1 %
PLEIE- OG OMSORGSLEIAR	3 027	396,8	13,1 %	15,00 %	9,5 %
KOMMUNELEGE	784	8,8	1,1 %	1,80 %	5,1 %
KOMMUNALSJEF TEKNISK	1 602	174,5	10,9 %	10,80 %	0,5 %
Sum utvalg	11 415	962	8,4 %	10,20 %	7,0 %

Det vert jobba godt med oppfølginga av dei sjukmeldte på dei ulike avdelingane i kommunen, og det er eit kontinuerleg fokus på oppfølging og førebyggjande sjukefråværsarbeid.

Konklusjon

Rådmannen er nøgd med status, utvikling og budsjett disiplin pr 2. tertial, og rår til at kommunestyret tek saka til orientering.

Det vert tilrådd slike justeringar:

Komfyr til kommunehuset:

Kr 50 000 vert tilført ramma for Teknisk etat med overføring frå Formannskapet sin løyving på kr 50 000 på lista «småinvesteringar».

Overføring frå investering til drift:

Det vert tilrådd å redusere løyvinga til Kommunale bustader, rehabilitering med kr 150 000. Behovet knytt til denne delen av løyvinga som samla var på kr 300 000, er til tiltak som ikkje vert rekna å vere av investeringsmessig karakter, men meir som vedlikehald som skal førast i drift. Kr 150 000 tilførast rammeområdet til Teknisk. I investeringsbudsjettet vert bruk av disposisjonsfond redusert. I driftsbudsjettet vert bruk av disposisjonsfond auka. Begge delar med kr 150 000.

Kultur – ekstra kostnader til ventilasjon og bowling

Rammeområdet for kultur vert styrka med kr 150 000 finansiert med auka eigedomsskatt.

Formannskapet - 060/2016

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om rapporten

Samrøystes

FOR - vedtak:

Rådmannen rår til at tertialrapport nr 2 vert teken til orientering, med slike justeringar:

Budsjettramma til rammeområdet Teknisk etat vert auka med kr 50 000 med overføring frå Formannskapet sin løyving på kr 50 000 på lista «småinvesteringar

Løyving til investeringsprosjekt Kommunale bustader, rehabilitering vert redusert med kr 150 000.
Løyving til rammeområdet Teknisk i driftsbudsjettet vert auka med kr 150 000.

Rammeområdet for kultur vert auka med kr 150 000 finansiert med auka eigedomsskatt.

Kommunestyret - 056/2016

KS - behandling:

Økonomisjefen orienterte om rapporten.

KS - vedtak:

Rådmannen rår til at tertialrapport nr 2 vert teken til orientering, med slike justeringar:

Budsjettramma til rammeområdet Teknisk etat vert auka med kr 50 000 med overføring frå Formannskapet sin løyving på kr 50 000 på lista «småinvesteringar

Løyving til investeringsprosjekt Kommunale bustader, rehabilitering vert redusert med kr 150 000.
Løyving til rammeområdet Teknisk i driftsbudsjettet vert auka med kr 150 000.

Rammeområdet for kultur vert auka med kr 150 000 finansiert med auka eigedomsskatt.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FA - Q14	15/195

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/2016	Formannskapet	PS	03.10.2016
057/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Avtale om drift og vedlikehold av Nygardsvegen II, Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Modalen kommune godkjenner framforhandla avtale slik den føreligg. Modalen kommune vedtek å yte eit årleg tilskot til drift og vedlikehold i samsvar med avtalen, første gang med utbetaling i 2016.

Modalen kommune vel som medlem av vegstyre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

BKK Produksjon AS har anlagt og eig anleggsvegen frå kommunal veg på Nygard og fram til Nygard kraftverk. Det har vore ei gradvis utbygging av hytter i området og vegen vert også nytta til allmenn ferdsel på sommar- og vintertid. Hytteigarane i området og BKK Produksjon AS har invitert Modalen kommune til å delta i eit samarbeid om drift og vedlikehold av ein del av anleggsvegen til Nygard kraftanlegg, jmf. kartvedlegg.

Vurdering

Følgjande partar tek del i denne avtalen:

BKK Produksjon AS for å ivareta eiga drift av sine kraftanlegg

Hytteigarane langs Nygardsvegen II, representert og organisert ved Nygard Vassverk AS

Modalen kommune for å ivareta allmenne interesse for bruk av vegen

Grunneigarane er etter eige ønskje ikke part i avtalen.

Sidan vegen vart etablert ved anleggsutbygginga til BKK har det til no vore eit uformalisert samarbeid om bruk av vegen. Etter kvart har det vore ei auka hytteutbygging i området. I godkjend reguleringsplan (KS 014/08) er det føresett at hyttene i området skal bruke denne vegen som

tilkomst til feltet. Dette vart gjort for å hindre trafikk gjennom gårdstunet på Nygard.

Framlegg til avtale har vore drøfta mellom partane sidane hausten 2015. Ulike spørsmål og problemstillingar har vore drøfta i prosessen. Det føreligg no eit omforena framlegg til avtale som partane er bedne om å godkjenne. Etter rådmannen si vurdering gjev den framforhandla avtalen ei grei avklaring av dei problemstillingar som er tekne opp under drøftingane. Avtalen er tidsbegrensa til 10 år, men kan løpande seiast opp med 2 års skriftleg varsel eller prolongerast med 10 nye år.

For Modalen kommune er det viktig å tilretteleggje for allmenn ferdsel. Vidare er hytteeigarane i kommunen ei viktig interessegruppe å ivareta og samarbeide med. Likeeins er det positivt med eit godt samarbeid med BKK Produksjon AS for å nytte dei investeringane som er lagt ned i etablerte anleggsvegar i kommunen til fremme av friluftsliv og folkehelse. Framlegget til samarbeidsavtale gjev ein «vinn-vinn situasjon» slik sett, men til ein årleg kostnad også for kommunen.

Ved utbygginga av hytteområdet i Kvanndalen vart det opna opp for å nytte BKK sin anleggsveg til Kvanndalen. Det føreligg ein underteikna avtale datert 27.11.1990 vedkomande «Vedlikehald av anleggsvegen Nygard – Kvanndalen i Modalen» mellom BKK, grunneigarane og Modalen kommune. Kvar av desse partane har delteke med 1/3 av ein sum til årleg vedlikehald samt deling av inntil kr 25.000 som eingongskostnad ved ei større opprusting av vegene i 1991.

Det har også vore ei gradvis utbygging av hytter i området Fjellstølen frå 1978. Øvre Fjellstølen vart utvida med nytt steg i 1998. Då vart det etablert ein ny veg opp i området frå BKK sin anleggsveg. Til opparbeiding av denne vegene vart det gjeve eit tilskot frå Modalen kommune.

Grunna få offentlege parkeringsplassar i området i skisesesongen har Modalen kommune gjeve eit årleg tilskot til brøyting av vegane til Kvanndalen/Fjellstølen for å ivareta interessene for allmenn ferdsel.

Økonomiske avtalar for vedlikehald og brøyting i området Kvanndalen/Fjellstølen er ikkje omfemna av denne avtalen.

I hytteområdet på Nygard er det også ei velforening for Fjellstølen og Kvanndalen. Denne velforeninga er etablert med eige styre og avgrensa ansvar for vegane til Fjellstølen/Kvanndalen. Spørsmålet om ei felles velforening for alle hytteområda på Nygard har vore lufta, men ein har ikkje fått dette til.

Konklusjon

Området kring Nygard vert nytta som utfartsområde både for lokale innbyggjarar i Modalen, hyttefolk og andre tilreisande som ferdist i fjellet sommar og vinterstid.

Nygard Vassverk AS og BKK Produksjon AS er no samde om innhaldet i avtalen vedkomande del av vegene som er kalla Nygardsvegen II.

Semja inneber at det er tre parter i avtalen: Nygard vassverk, BKK Produksjon og Modalen kommune. Grunneigarane er etter eige ønskje ikkje part i avtalen.

Det vert teke sikte på at avtalen trer i kraft så snart som mulig, med verknad frå 01.01.2016, slik at kr. 25.000,- vert innbetalt frå partane også for 2016.

Rådmannen rår til at Modalen kommune godkjenner avtalen slik den føreligg.

Formannskapet - 054/2016

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Representasjon for kommunen i vegstyre vart drøfta, og ein samla seg om å føreslå teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune godkjenner framforhandla avtale slik den føreligg. Modalen kommune vedtek å yte eit årleg tilskot til drift og vedlikehald i samsvar med avtalen, første gang med utbetaling i 2016.

Modalen kommune vel Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik, som medlem av vegstyre.

Kommunestyret - 057/2016

KS - behandling:

Ordførar orienterte om saka og rådmannen svarte på ulike spørsmål.

Samrøystes

KS - vedtak:

Modalen kommune godkjenner framforhandla avtale slik den føreligg. Modalen kommune vedtek å yte eit årleg tilskot til drift og vedlikehald i samsvar med avtalen, første gang med utbetaling i 2016.

Modalen kommune vel Tone SelmerSkuggevik som medlem av vegstyre.

Vedlegg:

Avtaleutkast Nygardsvei II - endelig versjon

Kart Nygardsvegen II

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frøydis Gullbrå	FA - G16	16/279

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
058/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Avtale om samhandling i høve pandemiske hendingar - prolongering av avtale

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til ei prolongering av *Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser*, og at avtalen vert vidareført fram til revisjon eller fornying.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser mellom sjukehusa og kommunane i Helse Bergen føretaksområde (unntatt Bergen kommune) var gjeldande fram til 31.12.2015. Med bakgrunn i dette har leiarane av dei fire overordna samarbeidsutvala diskutert saka og tilrådd at eksisterande avtale vert vidareført slik den føreligg fram til ein eventuell revisjon eller fornying av avtalen.

Konklusjon

Kommunelegen tilrår at Modalen kommune sluttar seg til ei prolongering av avtalen.

Kommunestyret - 058/2016

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til ei prolongering av *Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser*, og at avtalen vert vidareført fram til revisjon eller fornying.

Vedlegg:

Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser
Møte 3-2016, Referat_SU NH_15.sept

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FA - K46, TI - &13	15/249

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
061/2016	Formannskapet	PS	18.10.2016
059/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Forslag til vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart, datert 07.09.2015, vedteken med desse endringane ;

1. I kap. 9, skal det leggest til eit nytt 2 avnitt ; «*Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggest til grunn for vedtaket.*

2. Kap. 7 skal få eit nytt siste avsnitt; ***Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.*** *Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabil. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningsesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite.*

3. I kap. 9 under Fritidshus, andre avsnitt skal det stå ; « Etter ei nærare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding på inntil 20m² BRA på eksisterande hytter, når arealet etter utviding ikkje overstig 100m² BRA, inkludert evt uthus. Det bør ikkje opnast for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad».

4. Retningslinene til omsynsona i kap. 9.1 skal ha eit slikt tillegg som innleiing under Stølsområde og Fritidshus, «*Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet.*

5. Retningslina i kap. 9.1 om motorferdsle skal justerast slik at siste setning lyder; «*Hjelpekorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren.*

6. I kap. 4, under arealformål skal arealet som er avsett til idrettsformål i Voss kommune sin kommuneplan opplista som «*bebyggelse og anlegg, idrettsformål*»

7. På temakartet skal det tydeleg framgå at kun trekkvegar over R13 er vist på kartet.

8. I handlingsplanen skal «kartlegging av trekkruiter» inkluderast i tiltaket «Areal og beitekartlegging».

9. Villreinutvalet skal høyrast i alle dispensasjonsaker tilliks med villreinnemnda. Dette skal framgå av kap. 10 «Retningslinjer for sakshandsaming».

10. I kap. 10, under «Retningslinjer for sakshandsaming», skal andre avsnitt ha slik innleiing; «I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samråd mellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde».

11. Kap. 9.1. under Brøyting, 3 avsnitt skal det stå ; «Når RV13 vert lagt i tunnel gjennom Vikafjellet bør den gamle vegen på strekningen Storehaugtunnelen til Finnbuene ikkje brøytast opp i tida 1.november til siste helga før påske (Palmehelga). Frå Palmehelga til 1. juni kan vegen brøytast opp til fylkesgrensa frå sør og til Fosse frå nord. Frå Fosse til fylkesgrensa bør vegen vera stengd fram til 1.juni. Evt. snøscootertransport til hyttene i området bør samordnast ved leigekøyring».

12. Kommunedelplanen skal ha ei funksjonstid på 12 år ; 2016-2027

13. I handlingsprogrammet (kap12) i første tiltak under «Informasjon» skal det stå 2016-2017. Tilsvarande skal det stå 2017 under tiltak 3 under informasjon. Det skal vidare inn eit nytt slikt tiltak under «Ferdsløse»; Årleg vurdering av trong for ekstraordinær bandtvang. Ansvarleg ; Kommunane. Start ; 2017. Andre aktørar; SNO

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane Vik, Aurland, Høyanger, Modalen, Vaksdal og Voss har i fellesskap utarbeida eit framlegg til ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Planområdet omfattar og areal i Masfjorden kommune.

Formålet med planarbeidet er å sikra villreinstamma gode levevilkår i eit langsiktig perspektiv. Planframlegget har no vore utlagt til offentleg ettersyn i dei respektive kommunane. Det er innkomne totalt 15 merknader til planframlegget. Det er no eit siktemål at kommunane gjer eit likelydane vedtak av planen.

FAKTA OM SAKA:

Kommunedelplanen skal vera det overordna planverktøyet for kommunane i forvaltninga av villreinstamma og skal vera styrande for den vidare arealplanlegginga i området.

Planframlegget utarbeida i 2009 er lagt til grunn når planarbeidet vart starta opp att i 2015. Eit oppdatert og justert planframlegg vart handsama av styringsgruppa på møte den 09.06.2015. Planframlegget har no vore utlagt til nytt offentleg ettersyn i dei einskilde kommunane.

Voss kommune har hatt sekretæriatfunksjonen for planarbeidet og har oppsumert merknadane til

planframlegget på vegne av dei andre kommunane.

Vurdering

Planframlegget har vore utlagt til høyring i dei aktuelle kommunane hausten 2015. Innan høyringsfristen er det innkomne totalt 15 merknader til planframlegget. Desse er oppsumert under.

Dei fullstendige uttalane kan ein sjå som vedlegg til saka.

Nr	Høyringspart	Merknad
1	Fylkesmannen i Sogn og fjordane	Viser til at det har vore ein lang men god prosess med villreinplanen og meiner at planen no er godt gjennomarbeida. I kap. 11, under « Føre-var- prinsippet» tilrår Fylkesmannen at det vert teke inn følgande setning ; Ved søknader om tiltak i villreinområdet, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggest til grunn for vedtaket.
		Administrasjonen si vurdering; Kap. 11 er ei vurdering av planen etter naturmangfaldlova og retningsliner høyrer derfor ikkje heime her. I kap. 9 bør det derimot takst inn ei formulering i tråd med merknadane frå Fylkesmannen (endringsforslag 1b)
2	Fylkesmannen i Hordaland	Meiner m.a. at planen bør skildre kva verknader godkjend fylkesdelplan for tunnel gjennom Vikafjellet vil kunne få for villreinen og tilsvarande kva verknader framtidige klimaendringar kan få for villreinstamma. Fylkesmannen etterlyser vidare ei vurdering av kva verknader ei vidare hyttebygging i planområdet kan få for villreinstamma. Fylkesmannen ynskjer eit nytt pkt. 8.5 om at all ny verksemd i området skal vurderast utifrå omsynet til villreinbestanden. Når det gjeld retningslinene har Fylkesmannen merknader til at alle nye tiltak bør utløyse plankrav og at retningslina vedr. fritidshus bør få slik ordlyd ; «Innafor villreinområdet bør det ikkje gjevast dispensasjon til frådeling eller oppføring av

	<p>fritidshus». Fylkesmannen meiner og at det bør settjast ei grense for kor store hytter det kan byggast innanfor planområdet. Når det gjeld vurderinga av planframlegget etter naturmangfaldlova meiner Fylkesmannen at planen bør argumentere kvifor det er akseptabelt med ny hyttebygging oppå Vikafjellet.</p>
	<p>Administrasjonen si vurdering; I kap. 7 er det ei skildring av kva verknader ein tunnel gjennom Vikafjellet kan få for villreinstamma. Når det gjeld klimaendringar omtalar NINA rapport 411 dette i kap. 5.3.6 . Villreinplanen bør utifrå dette få slikt tillegg til kap. 7 ; Klimaendringar og mulege følger for villreinbestaden <i>«Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabil. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeita er alt marginal i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningsesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite».</i> (endringsforslag 2)</p> <p>Når det gjeld kva verknader ei vidare hyttebygging på Vikafjellet vil kunne få for villreinstamma er det ikkje tema i denne planen. Desse hyttområda er ikkje nye, men vart vedtekne i Vik kommune sin kommuneplan og vart konsekvensvurdert i den samanheng. Når det gjeld forslaget frå Fylkesmannen om å ta inn eit nytt kap. 8.5 om at all ny verksemd skal vurderast ut ifrå omsynet til villreinbestanden finn ein ikkje det nødvendig. Ein kan heller understreke dette ved å legge</p>

		<p>inn ei slik formulering om dette i kap.9. <i>«Alle nye tiltak i planområdet bør derfor vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma.»</i> (endringsforslag 1a) Mindre tiltak i området bør som tidlegare kunne handsamast som byggesaker. Ein vil utifrå dette ikkje tilrå at ein følger Fylkesmannen på dette punktet. Når det gjeld størrelsen på hytter som kan få utvida med tilbygg bør det settjast ei øvre grense for størrelsen på hyttene (endringsforslag 3).</p>
3	Hordaland Fylkeskommune	<p>Fylkeskommunen ser det som positivt at kommunane har utarbeida ein felles kommunedelplan for fjellheimen villreinområde. Fylkeskommunen meiner at det ikkje er heimel for å legge restriksjonar på stølshus og fritidsbustader i retningslinene knytta til omsynsona for bevaring av naturmiljø. Fylkeskommunen meiner og at kap. 6 burde oppdaterast. Administrasjonen si vurdering; Retningslinene til omsynsona i kap. 9.1 bør få eit tillegg som tydeleggjer at dei skal ivareta villreinstamma. Konkret bør derfor avsnitta om Stølsområde og Fritidshus få ei slik innleiing ', <i>«Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet.»</i> (endringforslag 4). Kap. 6 er oppdatert i samband med at planarbeidet vart starta opp att i 2015. St. melding nr. 26 (2006- 2007) om « Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand» er den siste i sitt slag. Tilsvarande er det ikkje utarbeida nyare fylkesplanar som omtalar dette temaet.</p>
4	Forsvarsbygg	<p>Forsvarsbygg påpeiker at militær øvingsverksemd ikkje treng godkjenning av politimesteren og at retningslina i kap. 9.1 under motorferdsel her må justerast.</p>
		Administrasjonen si vurdering;

		Retningslina i kap. 9.1 om motorferdsle bør justerast slik at siste setning lyder; «Hjelpekorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren». (endringforslag 5)
5	Direktoratet for mineralforvaltning	Direktoratet har ingen særskilde merknader til planforslaget men gjer merksam på at det er registert mineralressursar innafor planområdet. Administrasjonen si vurdering; Evt. saker om uttak av mineralforekomstar må vurderast konkret m.a. utifrå kva verknad tiltaket vil kunne få på villreinstamma.
6	Nærøyfjorden verneområdestyre	Nærøyfjorden verneområdestyre støttar framlegg til Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen. Retningslinjene er i tråd med verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og forvaltningsplan for området. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden står det mellom anna at «omsynet til villrein skal alltid tilleggjast vekt i avgjerder om tiltak innanfor deira leveområde. Det skal vere nært samarbeid med villreinutval og villreinnemnder. Ein skal legge opp til å unngå ferdslе gjennom kalvingsområde i april/mai».
		Administrasjonen si vurdering; Verneområdestyret har ingen framlegg til endring av planen.
7	Stølsheimen verneområdestyre	Stølsheimen verneområdestyre støttar framlegg til Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen. Planen er eit godt planverktøy for å ta vare på leveområda for villreinen i Fjellheimen villreinområde. Retningslinjene er i tråd med verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og forvaltningsplan for området. Administrasjonen si vurdering;

		Verneområdestyret har ingen framlegg til endring av planen.
8	BKK, Produksjon AS	<p>BKK viser til at rehabilitering av kraftanlegg innanfor planområdet i dag krev dispensasjon frå LNF- formålet og forutset at kommunane også i framtida viser fleksibilitet i slike saker.</p> <p>Dei ynskjer at «Naturbase» og kommunedelplanen sitt temakartet blir oppdatert slik at viktige trekkruiter og liknande framgår. Tilsvarende meiner dei at BKK sine mindre installasjonar i området bør framgå av temakartet.</p> <p>Dei påpekar at det er urealistisk å kable lengre kraftlinetrasear då dette i dei fleste tilfelle vil føre til større naturinngrep enn liner.</p> <p>Administrasjonen si vurdering;</p> <p>Kommunedelplanen sitt temakartet bør kun visa utvalde tema, som t.d. dei viktigaste kryssingspunkta for villrein over R13. Meir detaljerte data kan ein finna i underliggjande rapportar. Når det gjeld evt. kabling av nye kraftliner i området framgår det av planen at dette kun bør skje der det ikkje medfører store terrenginngrep.</p>
9	Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd	<p>Villreinnemnda ser positivt på at det vert laga ein felles kommunedelplan for villreinområdet.</p> <p>Dei påpekar at idrettsanlegg er vist på plankartet vest for Hanguren (Dyrvedalen) men ikkje opplista i planen under arealformål.</p> <p>Dei meiner at det må tydeleg framgå av temakartet at kun trekkvegar over R13 er vist slik at kartet ikkje kan feiltolkast. Når det gjeld handlingsplanen tilrår dei at « kartlegging av</p>

		<p>trekkruiter» vert inkludert i tiltaket «Areal og beitekartlegging ». Dei meiner og at villreinnemnda bør vera involvert i dei fleste tiltaka i handlingsplanen.</p> <p>Administrasjonen si vurdering;</p> <p>I kap. 4, under arealformål bør arealet som er avsett til idrettsformål i Voss kommune sin kommuneplan opplistast som «bebyggelse og anlegg, idrettsformål» (endringforslag 6) . På temakartet bør det tydeleg framgå at kun trekkvegar over R13 er vist på kartet. (endringforslag 7). I tiltaket « areal og beitekartlegging « bør kartlegging av trekkvegar vera ein naturleg del av tiltaket. Dette bør framgå av handlingsplanen (endringforslag 8)</p>
10	Villreinutvalet for Fjellheimen villreinområde	<p>Villreinutvalet har ikkje merknader til føremålet til planutkastet. Dei peikar på at fjellryggen «Hatlekinni» Nord for Bolstad er ikkje inkludert i temakartet og at dette har vore teljande villreinareal tidligare grunna sin funksjon som opphaldsområde og beite om hausten. Dei ynskjer derfor at Hatlekinni er villreinareal eller blir betrakta Som omsynsone for villrein.</p> <p>Villreinutvalet finn det naturleg at areal med høg menneske skapt aktivitet blir teke ut som teljande areal for villrein, og som teljande areal for tildeling av fellings løyver. Dette omhandlar deler av Finnbunuten / Ondrehaugen i Voss kommune og Hangurenplatået. Begge områda har høg ferdse av menneske som truleg aukar i åra framover.</p> <p>I tråd med planframlegget meiner villreinutvalet at når RV 13 blir lagt i tunnel må den gamle riksvegen mellom Finnbuene og Storhaugtunnelen ikkje bli vinterbrøyt (1.nov. til 1.juni). Tilsvarande bør anleggsvegar i villreinområdet ikkje brøytast opp før 1.juni. Villreinutvalet meiner vidare at det ikkje bør</p>

		<p>gjevast løyver til motorisert ferdsle i perioden 10. april til 1.juli.</p> <p>Villreinutvalet ser det naturleg at utvalet har ei utvida rolle utover det som er skissert i Handlingsprogram 2016-2019.</p> <p>Villreinutvalet vil ha uttalerett og innsynsrett i sakene som vedkjem villreinareal og tilhøyrande randsoner.</p> <p>Administrasjonen si vurdering;</p> <p>Planavgrensinga er etter fleire drøftingar i styringsgruppa fastsett til samanhengande areal over kote 700. Området «Hatlekinni» Nord for Bolstad bør utifrå dette ikkje inngå i planen då dette ikkje er eit samanhengande areal over kote 700.</p> <p>Det er viktig med brei og god medverknad i forvaltninga av villreinområdet.</p> <p>Villreinutvalet bør derfor høyrast i alle dispensasjonsaker til liks med villreinnemnda , jf. kap. 10 « Retningsliner for sakshandsaming. (endringforslag 9)</p>
11	Bergen og Hordaland Turlag	<p>Meiner at føremålet med planen harmonerer godt med dei verdiane turlaget skal ivareta. Dei føreslår at retningslinene i planen tek for seg involvering av brukarinteresser. Konkret gjer dei framlegg om eit eige avsnitt om « Medverknad» i kap. 9 ;</p> <p><i>«I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samråd mellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde »</i></p> <p>Under handlingsplan peikar dei på at det er viktig med god koordinering og samarbeid med friluftsliv-organisasjonane som har aktivitet og hytter i dette området, slik at ein kan oppfylle målet om informasjonsmateriell med høg standard og sams utforming.</p> <p>Turlaget er vidare positive til at det vert utarbeidd løype- og stiplanar for Fjellheimen villreinområde.</p>

		<p>Administrasjonen si vurdering; Medverknad i forvaltninga av villreinstamma er viktig .Turlaget sitt framlegg om eit avsnitt om «medverknad» bør derfor leggst inn i kap. 10, andre avsnitt, under «retningsliner for sakshandsaming» (endringforslag 10).</p>
12	Åshild Eikefet Lien	<p>Har fleire merknader til ordlyden i retningslinene i kap. 9.1 og 9.4, m.a. om at villreinnemnda skal gje uttale til alle reguleringsplanar/ dispensasjons-søknadar før avgjerd og at eksisterande anleggs-vegar kan oppgraderast etter søknad. Ho har og eit konkret framlegg til bandtvangsperiode frå 1 mars til 20 august og om at informasjontavler også bør setjast opp ved DNT sine hytter.</p> <p>Administrasjonen si vurdering; Ordlyden i kap. 9. og kap. 9.4 er utforma som retningsliner og ikkje som føresegner. Dette legg derfor føringar på korleis teksten er utforma. Administrasjonen vil derfor tilrå att ein ikkje endrar ordlyden, men meiner at dei konkrete forslaga om bandtvangsperiode bør arbeidast vidare med. Tilsvarende bør relevant informasjon om villreinen også formidlast på/ved DNT sine hytter (jf. også merknad frå Bergen og Hordaland turlag).</p>
13	Tore Bø	<p>Har hytte i Skjellingen og peikar på utfordringar i høve brukstid på si hytte dersom det ikkje vert vinterbrøytta veg lengre enn til Storehaug. Meiner og at ei utviding av hyttene på 15 m2 er for lite for dei som har små hytter.</p>
		<p>Administrasjonen si vurdering; Av omsyn til villreinstamma bør</p>

		<p>Vikafjellsvegen ikkje brøytast opp før 1 juni etter at tunnelen er opna. Det kan likevel vera ei løysing å brøyta til Fosse og frå Voss til fylkesgrensa og ha stengt mellom. Dette vil gje reinen mulegheit til kryssing av vegtraseen. For hytteigarane i området er det viktig at det vert tilrettelagt for leigekøyring med snøscooter fram til hyttene. Retningslinene i planen opnar opp for at mindre hytter kan utvidast. Av omsyn til reinstamma bør likevel ikkje hyttene vera for store i villreinområdet.</p>
14	Laila Fjærestad m. fl.	<p>Meiner på vegne av fleire hytteigarar m.a. at Rv 13 må vinterbrøytast til Fosse/ Hestavollen og til fylkesgrensa frå Myrkdalssida etter tunnelopning gjennom Vikafjellet. Dette både pga omsyn til hytteigarar, friluftsliv og beredskapen på fjellet. Dei meiner og at det må kunne nyttast snøskuter mellom Fosse og fylkesgrensa dersom vegen blir stengd vinterstid. Dei meiner at det ikkje bør tilretteleggjast for camping oppe i fjellområdet då dette kan uroa reinen.</p>
		<p>Administrasjonen si vurdering; Det kan vera ei løysing å brøyta frå Vik til Fosse og frå Voss til fylkesgrensa og ha stengt mellom. Dette vil gje reinen mulegheit til kryssing av vegtraseen. For hytteigarane i området mellom er det viktig at det vert tilrettelagt for leigekøyring med snøscooter fram til hyttene(endringsforslag 11)</p>
15	Ivar Eilev Refsdal	<p>Som grunneigar i Valaholo i Vik meiner at ein framleis må få byggja stølshus og landbruksvegar i området. Konkret er det ynskje om å bygge stølsveg fram til Valahola.</p>
		<p>Administrasjonen si vurdering; Eventuelle søknader om bygging av nye</p>

	stølshus og landbruksvegar bør vurderast konkret på grunnlag av søknad. Ved vurdering av slike søknadar bør nytten av tiltaket for landbruksdrifta vurderast opp mot ulempene for villreinstamma.
--	---

Konklusjon

Fleire av merknadane til planframlegget tilseier at planen bør justerast. Som det er påpeika i fleire av merknadane er det viktig å sikra ei felles forvaltning av villreinstamma. Det inneber at kommunane i villreinområdet bør vedta ein felles plan som sikrar lik handsaming over kommunegrensene. Planen bør og legge til rette for brei medverknad frå ulike interessegrupper slik at konfliktnivået i området vert minst muleg.

Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at framlegget til kommunedelplan for Fjellheimen bør vedtas med dei endringsforslaga som er lagt til etter høyringa. Planen er vedteke i kommunane Vik, Aurland, Vaksdal og Voss.

Formannskapet - 061/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart, datert 07.09.2015, vedteken med desse endringane ;

1. I kap. 9, skal det leggjast til eit nytt 2 avnitt ; *«Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggjast til grunn for vedtaket.*

2. Kap. 7 skal få eit nytt siste avsnitt; ***Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.*** *Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabil. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningsesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite.*

3. I kap. 9 under Fritidshus, andre avsnitt skal det stå ; « Etter ei nærare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding på inntil 20m2 BRA på eksisterande hytter, når arealet etter utviding ikkje overstig 100m2 BRA, inkludert evt uthus. Det bør ikkje opnast for meir enn ei utviding pr.

fritidsbustad».

4. Retningslinene til omsynsona i kap. 9.1 skal ha eit slikt tillegg som innleiing under Stølsområde og Fritidshus, «Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet».

5. Retningslina i kap. 9.1 om motorferdsle skal justerast slik at siste setning lyder; «Hjelpekorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren».

6. I kap. 4, under arealformål skal arealet som er avsett til idrettsformål i Voss kommune sin kommuneplan opplistast som «bebyggelse og anlegg, idrettsformål»

7. På temakartet skal det tydeleg framgå at kun trekkvegar over R13 er vist på kartet.

8. I handlingsplanen skal «kartlegging av trekkruiter» inkluderast i tiltaket «Areal og beitekartlegging».

9. Villreintvalet skal høyrast i alle dispensasjonsaker tilliks med villreinnemnda. Dette skal framgå av kap. 10 «Retningsliner for sakshandsaming».

10. I kap. 10, under «Retningsliner for sakshandsaming», skal andre avsnitt ha slik innleiing; «I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samråd mellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde ».

11. Kap. 9.1. under Brøyting, 3 avsnitt skal det stå ; «Når RV13 vert lagt i tunnel gjennom Vikafjellet bør den gamle vegen på strekningen Storehaugtunnelen til Finnbuene ikkje brøytast opp i tida 1.november til siste helga før påske (Palmehelga). Frå Palmehelga til 1. juni kan vegen brøytast opp til fylkesgrensa frå sør og til Fosse frå nord. Frå Fosse til fylkesgrensa bør vegen vera stengd fram til 1.juni. Evt. snøscootertransport til hyttene i området bør samordnast ved leigekøyring».

12. Kommunedelplanen skal ha ei funksjonstid på 12 år ; 2016-2027

13. I handlingsprogrammet (kap12) i første tiltak under «Informasjon» skal det stå 2016-2017. Tilsvarande skal det stå 2017 under tiltak 3 under informasjon. Det skal vidare inn eit nytt slikt tiltak under «Ferdsl» ; Årleg vurdering av trong for ekstraordinær bandtvang. Ansvarleg ; Kommunane. Start ; 2017. Andre aktørar; SNO

Kommunestyret - 059/2016

KS - behandling:

Rådmann orienterte om saka og ulike endringar som er komne inn under høyringa.

Samrøystes

KS - vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart, datert 07.09.2015, vedteken med desse endringane ;

1. I kap. 9, skal det leggest til eit nytt 2 avnitt ; *«Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggest til grunn for vedtaket.*

2. Kap. 7 skal få eit nytt siste avsnitt; ***Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.*** *Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabil. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningsesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite.*

3. I kap. 9 under Fritidshus, andre avsnitt skal det stå ; *« Etter ei nærare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding på inntil 20m² BRA på eksisterande hytter, når arealet etter utviding ikkje overstig 100m² BRA, inkludert evt uthus. Det bør ikkje opnast for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad».*

4. Retningslinene til omsynsona i kap. 9.1 skal ha eit slikt tillegg som innleiing under Stølsområde og Fritidshus, *«Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet».*

5. Retningslina i kap. 9.1 om motorferdsle skal justerast slik at siste setning lyder; *«Hjelpekorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren».*

6. I kap. 4, under arealformål skal arealet som er avsett til idrettsformål i Voss kommune sin kommuneplan opplistast som «bebyggelse og anlegg, idrettsformål»

7. På temakartet skal det tydeleg framgå at kun trekkveggar over R13 er vist på kartet.

8. I handlingsplanen skal «kartlegging av trekkruiter» inkluderast i tiltaket «Areal og beitekartlegging».

9. Villreintvalet skal høyrast i alle dispensasjonsaker tilliks med villreinnemnda. Dette skal framgå av kap. 10 « Retningsliner for sakshandsaming».

10. I kap. 10, under « Retningsliner for sakshandsaming», skal andre avsnitt ha slik innleiing; *«I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samråd mellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde ».*

11. Kap. 9.1. under Brøyting, 3 avsnitt skal det stå ; *«Når RV13 vert lagt i tunnel gjennom Vikafjellet bør den gamle vegen på strekningen Storehaugtunnelen til Finnbuene ikkje brøytast opp i tida 1.november til siste helga før påske (Palmehelga). Frå Palmehelga til 1. juni kan vegen brøytast opp til fylkesgrensa frå sør og til Fosse frå nord. Frå Fosse til fylkesgrensa bør vegen vera stengd fram til 1.juni. Evt. snøscootertransport til hyttene i området bør samordnast ved leigekøyning».*

12. Kommunedelplanen skal ha ei funksjonstid på 12 år ; 2016-2027

13. I handlingsprogrammet (kap12) i første tiltak under «Informasjon» skal det stå 2016-2017. Tilsvarande skal det stå 2017 under tiltak 3 under informasjon. Det skal vidare inn eit nytt slikt tiltak under «Ferdse»; Årleg vurdering av trong for ekstraordinær bandtvang. Ansvarleg ; Kommunane. Start ; 2017. Andre aktørar; SNO

Vedlegg:

Slutthandsaming av kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde
Referat frå møte i styringsgruppa kommunedelplan Fjellheimen
Framlegg til kommunedelplan Fjellheimen villreinområde
Fjellheimen_villreinområde, framlegg plankart (L)(7717)
Fjellheimen_villreinområde, planframlegg temakart_ (L)(7718)
Høyringsinnspel til kommunedelplan Fjellheimen villreinområde 15. stk

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 217	16/257

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Plan for forvaltningervisjon Modalen kommune 2016 -2019

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek kontrollutvalet sitt framlegg til forvaltningsrevisjon for 2016-2019 innan Samfunnstryggleik – og beredskapsarbeid.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kontrollutvalet si overordna analyse for Modalen kommune vedkomande forvaltningsrevisjon.

Vurdering

Saka vert lagt fram slik den framgår av særutskrift frå møte i kontrollutvalet den 29. september 2016 utan nærmare vurdering frå rådmannen.

Kommunestyret - 060/2016

KS - behandling:

Sigmund Vikane, som medlem av kontrollutvalet (KU), orienterte om KU si vurdering og tilråding.

Rådmannen opplyste om at Fylkesmannen har varsla om at det skal haldast nytt tilsyn også for Modalen i 2017 om beredskapsarbeidet i kommunen.

På bakgrunn av desse opplysningane vart det føreslege at KU føretek ei ny vurdering og tilråding av område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av.

Samrøystes

KS - vedtak:

Kommunestyret ber kontrollutvalet føreta ei ny vurdering av område i framlegget til forvaltningsrevisjon for 2016-2019. Dette på bakgrunn av at Fylkesmannen har varsla nytt tilsyn i 2017 innan Samfunnstryggleik – og beredskapsarbeid til kommunen.

Vedlegg:

Modalen kontrollutval - særutskrift frå møtet 29. september 2016 - Plan for forvaltningsrevisjon

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 216	16/255

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
061/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Plan for selskapskontroll 2016 -2019 - Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek kontrollutvalet sitt framlegg til selskapskontroll i planperioden 2016-2016 med kontroll av Modalen Næringsbygg AS

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Særutskrift for kontrollutvalet i Modalen kommune frå møte 29.september 2016.

Vurdering

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan noko vurdering frå rådmannen.

Kommunestyret - 061/2016

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek kontrollutvalet sitt framlegg til selskapskontroll i planperioden 2016-2019 med kontroll av Modalen Næringsbygg AS.

Vedlegg:

Modalen kontrollutval - særutskrift frå møtet 29. september 2016 - Plan for selskapskontroll

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, FA - X42	15/283

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Val av Forliksråd for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Forslag til vedtak:

Marit Kristin Nygard Nese vert vald til varamedlem frå Modalen kommune i felles Forliksråd for Lindås og Meland kommunar for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020. Medlemmet oppfyller vandelkrava.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune har felles Forliksråd i Nordhordland lensmannsdistrikt, saman med Meland kommune og Lindås kommune. Modalen skal velja ein varamedlem til Forliksrådet.

Vurdering

Vedkomande som skal veljast må ha fylt 25 år.

Vedkomande må vera undet 70 år ved valperioden sin start.

Det skal veljast personar som er skikka til oppgåva, og kan norsk skriftleg og muntleg godt.

Den som bur i kommunen kan nekta og ta i mot val.

Etter domstoloven § 56 fyrste lekk andre punktum gjeld domstoloven § 71 til § 74 tilsvarande for forliksdommarar. Det inneber at dei som er utelukka til val som lekdommarar, heller ikkje kan veljast som medlemmar av Forliksrådet.

Medlemmet må og oppfylle vandelskrava for forliksrådsmedlemmer.

Kommunestyret - 062/2016

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Marit Kristin Nygard Nese vert vald til varamedlem frå Modalen kommune i felles Forliksråd for Lindås og Meland kommunar for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020. Medlemmet oppfyller vandelkrava.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 242, TI - &00	16/102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Revisjon av vedtekter for næringsfond og strategisk næringsplan - Modalen kommune.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å revidere den strategiske næringsplanen for Modalen kommune, samt vedtekter for næringsfondet.

Organisering og framdrift for arbeidet vert lagt til grunn slik det går fram av saksframlegget.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Styret i næringsfondet bad i møte (06.09.16, sak 011) om at det vart utarbeidd eit notat med framlegg til prosess vedr. revidering av fondsvedtektene.

Gjeldande *Vedtekter for bruk og forvaltning av Næringsfondet i Modalen kommune* med tilhøyrande retningslinjer vart godkjent i KS 19.05.94.

Kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen pkt. 1 som gjeld *retningslinjer for næringsfondet som gjeld landbruk* (vedteke i KS 07.04.11) vil også verte ein del av prosessen. Her vil det vere særleg aktuelt å gjere ei evaluering av ordninga som har virka i ca. 5 år (2011 – 2016).

Det statlege styringsdokumentet *Rundskriv om standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker (kraftfond og hjemfallsfond)* frå 2011 ligg til grunn for revideringa.

Vedtak i formannskapet 03.10.16 (017/2016): Strategiske vegval for framtidig næringsutvikling (ein strategisk næringsplan) vert å drøfte og revidere som ein del av arbeidet.

Som ein del av dette vedtaket er det naturleg å inkludere gjeldane *strategisk næringsplan for Modalen kommune (1998)* i det vidare arbeidet.

Rådmannen legg fram skisse til revidert plan som vert å drøfte på oppsette møter for styringsgruppa (sjå plan under).

Strategisk næringsplan er også omtala i gjeldane *Kommuneplan for Modalen kommune 2015 – 2026* (2015).

Drøftingane er meint å ta opp i seg tankar og retning for det framtidige næringslivet i Modalen. Eit utgangspunkt kan vere å sjå på kva Modalen som samfunn tek mål av seg å oppnå framover når det gjeld næringsutvikling (mål), for så å gjere nokre strategiske val omkring korleis få dette til. Revidering av strategisk næringsplan (SNP) og fondsvedtektene (økonomisk virkemiddel) vil verte dei verktøya som utfyller kvarandre og som bidreg til å løfte oss framover mot målet.

Kommuneplanen (2015) viser til kommunen sin strategiske næringsplan (1998) som trekk fram reiseliv, nettverk, kultur, kommunikasjonar og infrastruktur som viktige satsingsområde. I tillegg peiker planen på moglege retningar som t.d. etablering av nærings- og tenestesenter.

Administrasjonen (rådmann, landbrukssjef og kultur- og utviklingssjef) utgjjer saman med formannskapet *styringsgruppa* for revideringa.

Det vert lagt opp til at ei *referansegruppe* beståande av repr. frå lokalt næringsliv (landbruk, IKT, kraft, reiseliv, sanddrift o.a.) og ungdomsrådet.

Referansegruppa vert kalla inn til møter undervegs i prosessen.

Det øvrige lokale næringslivet vert også invitert til å komme med innspel via kommunen sine nettsider. Her vart informasjon om prosessen gjort tilgjengeleg 11.10.16.

Rådmannen informerer kommunestyret gjennom orienteringssak fortløpande i prosessen.

Planen er at framlegg til reviderte vedtekter med tilhøyrande retningslinjer skal ligge føre til godkjenning hjå fylkesmannen i etterkant av KS-møte 15.06.17.

I fortsetjinga er det skissert framdriftsplan for arbeidet.

Tidspunkt	Aktivitet / handling	Ansvar
Oktober 2016		
3. okt.	Legge fram for formannskapet skisse til arbeidsprosess.	Rådmannen
	Vedtak i formannskapet 06.10.16 (017/2016): Heile formannskapet deltek i styringsgruppa saman med rådmann, landbrukssjef og kultur- og utviklingssjef.	
	Formannskapet drøftar skissa og legg til sine evt. føringar/endringsforslag. Gjennomført (017/2016)	Formannskapet
Ca. 15. okt.	Sende ut informasjon til representantar for landbruk og lokalt næringsliv om at prosessen som skal føre fram til reviderte fondsvedtekter og strategisk næringsplan (SNP) er i gang.	Rådmannen

	Det er lagt ut oppstartsinformasjon på kommunen si nettside 11.10.16	
November		
1.nov.	Framlegg til godkjenning av mandat i kommunestyret 10.11.16	Rådmannen/ kommunestyret
17. nov.	Første møte i styringsgruppa vert 17. nov. Drøfte næringsfondvedtekter og strategisk næringsplan (SNP), jfr. vedtak i formannskapet 06.10.16.	Rådmannen
27. nov.	Opprette referansegruppe med repr. frå lokalt næringsliv (landbruk, IKT, kraft, reiseliv, sanddrift o.a.) og ungdomsrådet. Rådmannen sender ut invitasjon til aktuelle.	Rådmannen
Desember		
10. des.	Invitere til møte med referansegruppa	Rådmannen
Januar 2017		
Innan 20. jan.	Styringsgruppa møtes. Agenda: næringsfondvedtekter og strategisk næringsplan. Drøfta utkast vert i etterkant sendt på høyring. I etterkant av møtet i styringsgruppa: Sende orienteringssak til kommunestyret	Rådmannen Rådmannen
Februar		
Mars		
Ca. 15. mars	Nytt møte i styringsgruppa . Agenda: næringsfondvedtekter og strategisk næringsplan. Drøfta utkast vert i etterkant sendt på høyring. I etterkant av møtet i styringsgruppa: Sende orienteringssak til kommunestyret	Rådmannen Rådmannen
April		
Ca. 10. apr.	Referansegruppa vert invitert til drøftingsmøte.	Rådmannen

Mai		
Ca. 15. mai	Utkast med innspel til fondsvedtekter og SNP vert handsama i formannskapet.	Formannskapet
Juni		
Medio	Utkast med innspel til fondsvedtekter og SNP vert handsama i kommunestyret.	Kommunestyret
Siste del av juni	KS-godkjente fondsvedtekter vert sendt fylkesmannen for endeleg godkjenning.	Rådmannen

Kommunestyret - 063/2016

KS - behandling:

Ordfører og rådmann orienterte.

Samrøystes

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek å revidere den strategiske næringsplanen for Modalen kommune, samt vedtekter for næringsfondet.

Organisering og framdrift for arbeidet vert lagt til grunn slik det går fram av saksframlegget.

Vedlegg:

Næringsfondvedtekter, notat framdriftsplan revisjon.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE - 612	16/282

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
064/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Modalen nærings - og tenestесenter

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å vidareføre planlegginga av eit nytt nærings- og tenestесenter i Modalen.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i ei ny styringsgruppe:

Det vert føresett at styringsgruppa held kommunestyret godt orientert om det vidare prosjekteringsarbeidet.

HRTB arkitekter vert kontakta for å gje tilbod på vidare prosjekteringsarbeid. Første fase vil vere å revidere skisseprosjektet og utarbeide ein kostnadskalkyle.

Revidert skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram for kommunestyret til godkjenning, før det vert utarbeidd forprosjekt og anbudsgrunnlag for innhenting av totalentreprise.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyret 05.11.15 presenterte HRTB Arkitekter eit skisseprosjektet for eit nytt «Nærings- og tenestесenter» på Mo. Formannskapet var i forrige kommunestyreperiode styringsgruppe for skisseprosjektet. Orienteringa og visjonane bak vart godt motteke av kommunestyret.

Under sak 03/2016 vart prosess for vidare oppfølging av skisseprosjektet drøfta i formannskapsmøte den 19.01.16. Det vart då gjeve signal om at ein ønskte å nytte utarbeida skissegrunnlag og HRTB arkitekter i det vidare arbeidet. Av kapasitetsmessige grunnar vart vidare oppfølging sett på vent.

Under budsjettdrøftingar i formannskapet den 18.10.16 vart ei vidare oppfølging av saka drøfta. Administrasjonen vart då beden om å lage eit notat til kommunestyret for handsaming i møte den 10.11.16. Formål med notatet skulle vere å få til ein god diskusjon i kommunestyret om alternativa: «seie ja eller nei til vidare arbeid med prosjektet».

Dette saksframlegget er utarbeida som grunnlag for dette.

Saksopplysningar:

Kort om kommunehuset:

Kommunehuset er oppført i 2 byggetrinn. Del 1. vart bygd i 1974 og del 2. i 1983. Samla areal er ca 1170 m². Kommunehuset slik det framstår i dag har klare manglar og tilfredsstillar ikkje dagens krav til eit offentleg bygg. Her kan nemnast: Universiell utforming, rømming, inneklima, energi- og arealeffektivitet, kontor og manglande møteromfasilitetar.

Kommunehuset er med sin utsjånad heller ikkje spesielt vakkert korkje i seg sjølv eller i høve til omgjevnadane, noko som har gjeve huset «eit negativ omdømme» slik det framstår idag. Fleire utgreiingar syner at ei ombygging av kommunehuset vil vera så omfattande at ein automatisk kjem inn under krava i TEK 10 (Byggeteknisk forskrift). Dette gjer ei ombygging svært kostnadsdrivande. Kostnaden med ei fullverdig rehabilitering tilsvarar nær å setje opp eit nytt bygg.

Alternativ nybygg:

Eit nytt bygg vil tilfredstilla dagens krav med omsyn til tilgjengelighet, inneklima og sanitæranlegg. I eit nybygg vil ein kunne tilby attraktive kontor og fellesfunksjonar for privat og offentleg verksemd. Eit slikt bygg vil vera arealeffektivt og kan gje fleire kontor og næringslokale med same areal som i dagens kommunehus. Dette gjev høve til samarbeid og samlokalisering med private aktørar. Det kan òg leggje grunnlag for å tilby tenester i eit eventuelt kommunesamarbeid. I eit nytt bygg kan kommunal og privat verksemd nytte fellesareal slik som møterom, kantine, arkiv, sanitæranlegg, resepsjon og andre fellesfunksjonar. Eit nybygg vil vera betydeleg meir energieffektivt og ha lågare drifts- og vedlikehaldskostnader. For framtidig rekruttering til nye stillingar vil eit slikt bygg ha eit fortrinn i høve til i dag. Eit nybygg vil kunne tilpassast omgjevnaden og gje oss eit vakkert bygg som er attraktivt og framtidsretta.

Vurdering

Kommunen har gjennom seinare år utarbeida ulike rapportar om tilstanden og kostnadane med å utbetre dagens kommunehus til eit bygg som tilfredstiller dagens krav. Konklusjonen i alle rapportar er at kostnaden med ei full rehabilitering tilsvarar nær kva det kostar å setje opp eit nytt bygg.

Utarbeida skisseprosjekt er eit signalbygg med visjon om utvikling og framtidstru for Modalen kommune. Men skisseprosjektet slik det vart presentert for kommunestyret kan vere vel ambisiøst å satse på. Intensjonane bak kan likevel nyttast til å utforme eit revidert prosjekt med noko meir nøkterne rammer og redusert romprogram. Behovet for å «kna prosjektet» må sjåast i lys av framtidige økonomiske utsikter. Dette må haldast opp og vurderast mot kva eit slikt bygg kan skape av grunnlag for vekst og utvikling i åra framover.

I forkant av skisseprosjektet vart det gjennomført ein full anbodskonkurranse som HRTB arkitekter vann. Det er inngått avtale med HRTB arkitekter for gjennomføring av skisseprosjektet. Etter denne avtalen kan vidare oppfølging skje utan ny anbodskonkurranse. Avtalen med HRTB arkitekter kan avsluttast. Men om kommunen likevel ønskjer å gå vidare med eit prosjekt må vi då gjennom ein ny anbodskonkurranse som vil forseinka og fordyra prosessen. Administrasjonen vil derfor rå til at eit

vidare arbeid vert gjennomført etter nærmare drøftingar og i samarbeid med HRTB arkitekter.

Konklusjon

Etter rådmannen si vurdering vil ei opprusting av eksisterande kommunehus ikkje gje ei tenleg og framtidsretta løysing. Dette sjølv med bruk av store midlar til rehabilitering for å tilfredstille dagens krav.

Etter rådmannen si vurdering er det ikkje noko «0-alternativ», som ikkje medfører kostnader for kommunen til oppgradering av eksisterande kommunehus.

Rådmannen vil derfor rå til at Modalen kommune planlegg eit revidert skisseprosjekt for eit nytt nærings- og tenestesenter. Kommunestyret oppnemner ei ny styringsgruppe for den vidare planlegginga, og føreset at styringsgruppa held kommunestyret godt orientert om vidare prosjekteringsarbeid.

HRTB arkitekter vert kontakta for reforhandling av avtale for vidare oppfølging.

For å sikre ei god politisk forankring må det leggjast opp til ny ei handsaming i kommunestyret når eit revidert skisseprosjekt er utarbeida. Kommunestyret får då høve til å godkjenne det nye skisseprosjektet før påfølgjande arbeid vert starta, jmf. pkt 4 i vedlagt avtale med HTBR-arkitekter.

Kommunestyret - 064/2016

KS - behandling:

Ordførar innleia til drøfting av saka.

Etter ei grundig drøfting og gruppemøte la ordførar fram slik alternativ framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å vidareføre planlegginga av eit nytt nærings- og tenestesenter i Modalen.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i ei ny styringsgruppe:

Tom Kristian Thorsen, Kristin Nåmdal, Liv Anne Aanesen , Robert Helland og Sigmund Vikane

Mandat til styringsgruppa:

1. Justera ambisjonane slik det kjem fram i rom og funksjonsprogram
2. Klargjera behov for areal
3. Stipulera kostnad ved nybygg
4. Få fram bakgrunnsmaterial og kostnad ved rehabilitering av eksisterande bygg
5. Andre relevante spørsmål/innspel

Saka vert klagt fram til kommunestyret tidleg i 2017.

Det alternative framlegget vart vedteke samrøystes

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek å vidareføre planlegginga av eit nytt nærings- og tenestesenter i Modalen.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemer i ei ny styringsgruppe:

Tom Kristian Thorsen, Kristin Nåmdal, Liv Anne Aanesen , Robert Helland og Sigmund Vikane

Mandat til styringsgruppa:

1. Justera ambisjonane slik det kjem fram i rom og funksjonsprogram
2. Klargjera behov for areal
3. Stipulera kostnad ved nybygg
4. Få fram bakgrunnsmaterial og kostnad ved rehabilitering av eksisterande bygg
5. Andre relevante spørsmål/innspeil

Saka vert klagt fram til kommunestyret tidleg i 2017.

Vedlegg:

MODALEN signert avtale 18052015

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FA - F24, FA - Q03	16/256

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2016	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	08.11.2016
065/2016	Kommunestyret	PS	10.11.2016

Brøyting til eldre og funksjonshemma

Forslag til vedtak:

Eldre og funksjonshemma kan søkje Modalen kommune om brøytetilskot til privat bustad.

Tilskotet er behovsprøvd, og vert gjeve til:

- Husstandar med eit medlem og brutto inntekt under 3 G
- Husstandar med meir enn eit medlem og brutto inntekt under 4 G

Storleiken på tilskotet:

0-100 meter veg = Inntil kr. 2.000,- pr. vinter

Over 100 meter veg = Inntil kr. 3.000,- pr. vinter

Dersom fleire husstandar deler på vegen vert tilskotet gjeve forholdsmessig.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune har sidan 2006 hatt ei ordning med snøbrøyting til menneske som på grunn av helseplager eller funksjonshemming ikkje klarer dette sjølv. Tilbodet er ikkje ei lovpålagt teneste, og det er svært få kommunar som tilbyr dette. I fjor var det 11 husstandar som nytta tilbodet om snøbrøyting. I samband med budsjetthandsaminga for 2016 vart det bestemt at ordninga skulle avviklast frå våren 2016.

Vurdering.

Det er kome attendemelding frå enkeltpersonar og frå Pensjonistlaget om at ordninga bør oppretthaldast. Dei ber kommunen vurdere saka på ny.

Ordninga har fungert slik: Brukaren får ein legeattest, og søker kommunen om hjelp til brøyting. Alle som leverer legeattest har fått brøyting. Kommunen tek kontakt med lokal entreprenør og avtaler

brøyting. Lokal entreprenør sender rekninga til kommunen, og kommunen sender krav om eigenandel til brukaren ein gong pr. md. I fjor vinter var eigenandelen på kr. 330,- pr.md. Når det er behov for tilbakemeldingar til entreprenør er det kommunen som gjer dette. Kommunen fungerer i praksis som eit mellomledd mellom lokal entreprenør og den som treng brøyting.

Kommunen har ei årleg nettoutgift med denne tenesta på 10.-15.000,- pr år. Det var såleis ikkje tungtvegande økonomiske grunnar for å avvike ordninga. Det er meir eit spørsmål om kva kommunen skal bruke ressursar på, for ordninga har medført ein del tidsbruk for pleie og omsorgstenesta og for teknisk etat. Pleie og omsorgstenesta behandlar søknadene, lager vedtak og krev inn eigenbetaling. Teknisk etat gjer avtale med entreprenør og følger opp når det kjem tilbakemelding frå brukarane.

Dette er ei teneste som brukaren like enkelt kan ordne sjølv, gjennom privat avtale direkte med entreprenør, utan å involvere det kommunale tenesteapparatet. Det er fleire lokale entreprenørar som tilbyr brøyting, og dei fleste eldre og funksjonshemma har økonomi til å klare dette. Det er likevel uheldig dersom bortfallet av denne ordninga medfører ekstra økonomisk byrde for dei som har låg inntekt. Det vert det difor føreslege å innføre eit tilskot til brøyting for dei med låg inntekt. Ei slik ordning vil ha ein meir sosial profil med tanke på at hjelpa går til dei som treng det mest. Tilskotet kan utbetalast som eit eingongsbeløp pr. brøytesesong, og vert vesentleg enklare å administrere.

Inntektsgrensa for tilskot er rekna ut frå Grunnbeløpet i folketrygda. Pr 1.mai 2016 er dette på kr. 92.576,-. Einehushald med bruttoinntekt under kr. 277.728,- og fleirhushald under 370.304,- kjem inn under tilskotsordninga.

Konklusjon

Eldre og funksjonshemma kan søkje Modalen kommune om brøytetilskot til privat bustad. Ordning er behovsprøvd ut frå inntekt.

Råd for eldre og funksjonshemma - 004/2016

REF - behandling:

Rådet for funksjonshemma drøfta saka. Nina Eidsnes kom med framlegg om 2 tilleggspunkt:

Kommunen skal syte for at dei som har vedtak frå omsorgstenesta om hjelp i heimen får brøyting.

Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at den enkelte veit kven ein kan kontakte for brøyteavtale.

Samrøystes tilrådd.

REF - vedtak:

Eldre og funksjonshemma kan søkje Modalen kommune om brøytetilskot til privat bustad. Tilskotet er behovsprøvd, og vert gjeve til:

- Husstandar med eit medlem og brutto inntekt under 3 G
- Husstandar med meir enn eit medlem og brutto inntekt under 4 G

Storleiken på tilskotet:

0-100 meter veg = Inntil kr. 2.000,- pr. vinter

Over 100 meter veg = Inntil kr. 3.000,- pr. vinter

Dersom fleire husstandar deler på vegen vert tilskotet gjeve forholdsmessig.

**Kommunen skal syte for at dei som har vedtak frå omsorgstenesta om hjelp i heimen får brøyting
Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at alle veit kven dei kan kontakte for brøyteavtale**

Kommunestyret - 065/2016

KS - behandling:

Assisterande rådmann orienterte om saka, samt om behandling og vedtak i rådet for eldre og funksjonshemma som føreslo at det vart knytta følgjande to punkt som tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Kommunen skal syte for at dei som har vedtak frå omsorgstenesta om hjelp i heimen får brøyting

Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at alle veit kven dei kan kontakte for brøyteavtale

Etter drøfting av saka vart det røysta over desse alternativa som vart sett mot kvarandre:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg av:

Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at alle veit kven dei kan kontakte for brøyteavtale

Vedteke med 8 røyster

Rådmannen sitt framlegg med tillegg av:

**Kommunen skal syte for at dei som har vedtak frå omsorgstenesta om hjelp i heimen får brøyting
Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at alle veit kven dei kan kontakte for brøyteavtale**

5 røyster og fall (Sigmund Vikane, Svanhild Moberg Nordaas, Roger Wilhelm Fure, Anne Britt Almelid, Nina Bolstad Eidsnes)

KS - vedtak:

Eldre og funksjonshemma kan søkje Modalen kommune om brøytetilskot til privat bustad.

Tilskotet er behovsprøvd, og vert gjeve til:

- Husstandar med eit medlem og brutto inntekt under 3 G
- Husstandar med meir enn eit medlem og brutto inntekt under 4 G

Storleiken på tilskotet:

0-100 meter veg = Inntil kr. 2.000,- pr. vinter

Over 100 meter veg = Inntil kr. 3.000,- pr. vinter

Dersom fleire husstandar deler på vegen vert tilskotet gjeve forholdsmessig.

Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at alle veit kven dei kan kontakte for brøyteavtale

Vedlegg:

Gjeld snøbrøyting for eldre